



Fortetting med eitt hus i Beinavikjo (huset midt i bildet) Foto: Ola Matti Mathisen

**Byggjestatistikken for i fjor fortel at Dimmelsvik bygde langt meir enn Uskedalen, og toppa statistikken med 13 husvære saman med Husnes.**

**Vår bygd låg ein bit nede på lista med 6, 1 foran den andre nabobygda vår Herøysund der det vart bygd 5.**

**Byggjeverksemda på Husnes gjekk imidlertid attende frå 24 året før. I Dimmelsvik var det ein auke frå 3 året før**

Halsnøy/Fjelberg hadde tredjeplassen med statistikken med 9 og så kom Sunde med 7 og Hatlestrand med 6. Rosendal og Snilstveitøy hadde også 5 bygde hus i fjor.

Sandvoll og Valen hadde kvar 4 husvære. Kriteriet for å komma på statistikken er at det skal vera sjølvstendige bueiningar og ikkje tilbygg eller påbygg.